

# Låt o' Link

Medlemsblad for Valdres Folkemusikklag

Nummer 3

september 2005

Årgang 15

---

## Valdres Folkemuseum: eitt steg nærare nybygg og dansegolv



- ◆ Framleis usikkerheit om arkivet
- ◆ Folkemusikkgruppa – ein saga blott?
- ◆ Torbjørn Moen står på sitt
- ◆ Langeleik i hutaheiti
- ◆ Springarkurs på Stortinget?

# LEIAREN HAR ORDET

Ein ny sumar er over, og igjen har Valdres Folkemusikklag teke eit skikkeleg lyft og gjennomført Jørn Hilme-stemnet og Strunkeveko med glans. I vår var det dessutan ein gjeng i Vestre Slidre som la ned mykje arbeid i lokalkappleiken, og bak i kulissane arbeider ei stadig større gruppe med å førebu Landskappleiken 2006.

Me vil gjerne at alle de som står på, og de som skal stå på i tida framover, skal merke at me set pris på den innsatsen de gjer. Difor vil me halde ved like den gamle tradisjonen med ”skalkefest” på Slidrehuset. Rett nok blir det ikkje skalkane frå Hilme-stemnet de får servert, men derimot heilt fersk musikk ved nokre av dei som representerte Valdres på Landskappleiken og Hilme-stemnet.

Men skal me få takka dykk, lyt de møte opp på festen. Ingen ting er som ein dansekveld på Slidrehuset når lokalet er fullstappa og dampen står ut gjennom glasa! Vel møtt, alle gamle og nye dugnadsarbeidarar og engasjerte medlemmer av folkemusikkfamilien!

*Oddrun Hegge*

## SKALKEFEST

på **Slidrehuset, Valdres Folkemuseum,**

laurdag 17. september, for alle som har vore eller trur dei kan bli dugnadsarbeidarar for folkemusikken.

Kl. 19.30:           Konsert med nokre av Valdres-deltakarane på Landskappleiken og Jørn Hilme-stemnet

Ca. kl. 20.30:       God dansemusikk – runddans og springar

Kaffi og kaker blir å få – nesten gratis. Kom og bli med, så me får høve til å takke deg for innsatsen du gjer og vil gjera framover!

*Styret i Valdres Folkemusikklag*

## Nettadresser

[www.valdresfolkemusikklag.no](http://www.valdresfolkemusikklag.no)

[www.strunkeveko.com](http://www.strunkeveko.com)

[www.hilme.com](http://www.hilme.com)

[www.landskappleiken.no](http://www.landskappleiken.no)

## Redaksjon for Låt o' Link:

Aud Søyland, Knut Aastad Bråten og Ole Aastad Bråten

Layout: Nils Leine

Ta gjerne kontakt med redaksjonen på tlf. 990 37 584 eller på e-post [aud@valdresfolkemusikklag.no](mailto:aud@valdresfolkemusikklag.no)

## SPANANDE DANSESAL PÅ VALDRESMUSEET

Som vi las i avisa Valdres, har Valdres Folkemuseum no fått 6 millionar tippeskroner til det etterlengta nybygget sitt. Vi hiv innpå eit marsipankake-stykke og gleder oss med dei. Teikningane syner derimot dansesalen vår som eit kaldisolert overbygd vrimleområde. Her skal dansekatte valdrisar halde hus, og sanneleg lyt det bli dans om ein skal halde varmen. Vi er av den formeining at utan regelmessig fyring vil dette tilbodet vere ueigna vinterstid. Direktør Torill Thømt er som vanleg rolegheita sjølv; – dansesalen rykker stadig nærare, men smør dykk med tolmod, seier ho.

Jaja, vi kastar innpå endå eit kakestykke, men det står att å sjå om danse-golv et får prioritet når gravemaskinkjeften tek tak i torva utpå våren 2006.

– Blir det danse-golv, Oddrun Hegge, leiar i Valdres Folkemusikklag?

– Ja, no MÅ det bli danse-golv. Eg registrerer stor vilje til å satse på folke-kulturen om dagen, seier ho. – Folkemusikkarkivet, Hilmis-stemnet og nybygget er døme på det. Men hugs at forventningane no blir store til at me får eit tenleg nybygg, både for oss ihuga folkekulturelle, men også for alle andre, avsluttar Hegge.

## FRIFOND

Hugs å søkje LfS om Frifond-midlar innan **20. september**. Søknadsskjema har lokallagsleiarane fått i posten.

## TRADISJONSSEMINAR

med dommarkurs og instruktørkurs i Øyer 30. september–2. oktober, Øyer. Arrangør: Landslaget for Spelemenn. Påmelding: Til Landslaget for Spelemenn, [ifs@folkemusikk.no](mailto:ifs@folkemusikk.no), tlf. 22 00 56 22 / 22 00 56 20 innan fredag **16. september**.

### **BENDIK- OG RAGNHILD-SPEL I LO GRENDEHUS**

**fredag 9. september kl. 19.00.**

Valdres Folkemusikkgruppe kastar nytt lys over tradisjonen etter felespelaren Bendik i Nø'n og langeleikspelaren og songaren Ragnhild i Viken. Konserten blir på Lo, ikkje langt frå staden der Bendik voks opp. Gjestemusikarar er folkemusikkarkivar og langeleikspelaren Elisabeth Kværne, hardingfelespelaren Ragnhild Biribakken og folkemusikk- og folkedanskjennaren vår, Ingar Ranheim. Etter konserten blir det Bendik- og Ragnhild-spel, og dans!

Arrangør: Vårflaumen spel- og dansarlag, Valdres Folkemusikkgruppe og Valdres Folkemusikkarkiv

# OLAV VIKEN 1921–2005

Olav Viken, fødd i Viken i Skammestein, Øystre Slidre, i 1921, gjekk bort 13. juni 2005. Han budde då på Fagernes, der han hadde bygd seg hus. Han var gift med Mary Olsen frå Aurdal, og dei fekk dottera Inger Marit og etter kvart to barnebarn.

I 30 år arbeidde han som verkstadsnikkar, men etter store ryggoperasjonar i 1946, 1961 og 1971 måtte han gje opp tungt arbeid og vart 75 % arbeidsufør. Han vigde seg då meir og meir til den sterke interessa han hadde for folkemusikk. I samarbeid med Torleiv Bolstad bygde han opp det fyrste lokale folkemusikkarkivet her i landet, og i verkstaden sin heime i Garlivegen begynte han med bygging, vøling og rigging av hardingfeler. Han opparbeidde seg snart ein stor kundekrets som omfatta mange av dei fremste utøvarane i landet

I 1978 var det Landskappleik på Fagernes, og i samarbeid med den nye styraren Torbjørn Eggen tok Olav på seg å laga ei instrumentutstilling på Valdres Folkemuseum. Samarbeidet førte til at styret for museet vedtok å tilsetja Olav Viken som felemakar frå 1981. Han sa opp uførepensjonen sin og flytte verkstaden sin ned på museet.

Som den hendige tusenkunstnaren han var, kunne han nyttast til mangt slags arbeid, men rigging, vøling og bygging av hardingfeler og langeleikar var hovudoppgåvene. Han laga to store langeleikseriar, den fyrste på 70, den andre på 55 langeleikar og halvfabrikata til 45 til. I alt har han laga om lag 15 hardingfeler. Om lag 550 større reparasjonar er registrerte på skjema, men det samla talet på rigging og reparasjonar er truleg fire gonger så stort.

Olav var tilsett ved museet frå 1. februar 1981 til han vart pensjonist 1. juli 1988. Etter avtale heldt han på med arbeidet sitt for eiga rekning endå i mange år, sjølv om det kom nye tilsette ved instrumentverkstaden. Den fyrste av desse, Oddrun Hegge, begynte som lærling hjå Olav Viken i 1987.

Olav Viken fekk kulturprisen for Nord-Aurdal, avisa "Valdres" sin kulturpris og Haldor Røynes ærespris. Han var heidersmedlem i Landslaget for Spelemenn og var landets fyrste stipendiat i folkekunst (han var "anbefalt av omtrent alle de andre søkerne", fortalde Sven Nyhus, som vurderte søkjarane). I 2001 fekk han Kongens fortjenestemedalje i gull.

Ved sida av det praktiske arbeidet han utførte vil Olav Viken bli hugsa for si opne og logne framferd, sine gode replikkar og den inspirasjonen han gav til dei som kom i kontakt med han. I takksemd lyser me fred over minnet hans.

*Ingar Ranheim*

## SPRINGARKURS PÅ STORTINGET

Som me alle veit, stiller ordførar i Vestre Slidre, Eivind Brenna (49), som fyrstekandidat for partiet Venstre ved stortingsvalet om 14 dagar. Sjansane for at Brenna skal koma på tinget er vel heller små, skal vi tru Låt o' Links faste politiske rådgjevarar. Brenna har vore noko fråverande frå lokalpressa i det siste, men Låt o' Link fekk eit par ord med den populære, men travelt opptekne mannen.

– Kva vil du gjera for folkemusikken og dansen viss du kjem inn på Stortinget?

– Eg vil mellom anna arbeide for å etablere ei nasjonal scene for folkemusikken og dansen, kall det gjerne ei desentralisert kultursatsing. Dessutan vil eg arbeide for å få til nokre store folkemusikalske oppsetnader, inspirert av Bygda Dansar, seier Brenna.

– No som du har lært deg valdresspringar – vil du tilby kurs for dei andre stortingsrepresentantane viss du blir vald inn på Stortinget?

– For ein kjempeidé! For det fyrste kan ein halde seg i form på den måten. Dessutan er det eit ypparleg høve til å få arvesølvet inn i både hovudet og beina, avsluttar Brenna. Vi ynskjer venstremannen lukke til med framtidig kurs på Stortinget.



## ARKIVET OPP TIL NY RUNDE

Fleire kommunar signaliserte tidleg i sumar at dei ikkje lenger vil vera med på å bidra økonomisk til Folkemusikkarkivet på Valdres Folkemuseum. Leiande personar i Valdres Folkemusikklag har hatt møte med ordførarane for å orientere om verdien ved å ha ein tilsett i folkemusikkarkivet.

Direktør ved museet, Torill Thømt, har i brev form gjort det klart at fylkeskommunen ikkje kjem til å støtte arkivet økonomisk, om ikkje kommunane er med og bidreg med sin pott. Thømt fortel at kommunane har gjeve signal om dei vil ta saka opp att til ny handsaming.

– Dei held jo på med budsjettarbeid no, og difor vonar eg det blir ei avklaring snart, seier ho. Arkivar Elisabeth Kværne veit enno ikkje om ho er arkivar neste år.

– Eg forhold meg til at det formelt sett ikkje er noko nytt i saka. Eg veit det har vore sterke reaksjonar i folkemusikkmiljøet utanom Valdres, seier Elisabeth Kværne.

### FAGSEMINAR TIL VÅREN

Arkivar Elisabeth Kværne fortel at arkivet, om det då ikkje blir kasta på Strøndafjorden av kommunane, kjem til å arrangere eit fagseminar om norsk dokkedanstradisjon. Dette i samanheng med Ragna Brenno Frydenbergs 100-årsdag til våren.



## September

Fredag 9.	Konsert med folkemusikkgruppa	Fm.gr./ ark./Vå	Lo grendehus kl. 19
Fredag 16.	Hardingfeleaving, songøving, danstreff	Vå	Frydenlund i Aurdal kl. 18 junior, kl. 19 senior, kl. 20 dans
Laurdag 17.	Skalkefest med konsert	Vfl	Slidrehuset, Valdres Folkemuseum, kl. 19.30
Sundag 25.	Sundagsdans	ØS	Spelemannstogo kl. 19
Fredag 30.	Hardingfeleaving, songøving, danstreff	Vå	Frydenlund i Aurdal kl. 18 junior, kl. 19 senior, kl. 20 dans
Fredag 30.9.–sundag 2.10.	Dommarkurs og instruktørkurs	LfS	Øyer

## Oktober

Fredag 7.	Fredagsdans	ØS	Spelemannstogo kl. 20
Sundag 9.	Sundagsdans	ØS	Spelemannstogo kl. 19
Tysdag 11.	Dans/ kurs	VS/Vkv	Kvamshall kl. 20
Fredag 14.	Hardingfeleaving, songøving, danstreff	Vå	Frydenlund i Aurdal kl. 18 junior, kl. 19 senior, kl. 20 dans
Laurdag 22.	Yngretreff	ØS/Vå	Skrautvål skule kl. 10–16
Sundag 23.	Sundagsdans	ØS	Spelemannstogo kl. 19
Fredag 21.–sundag 23.	Oslokapleik og Folkelarm	Lff/ LfS	Fabrikken, Oslo
Onsdag 26.	Dans/kurs	VS/Vkv	Kvamshall kl. 20
Torsdag 27.	Folkemusikkscena	Vfl	Fagerlund Gjestehus kl. 20
Fredag 28.	Hardingfeleaving, songøving, danstreff	Vå	Frydenlund i Aurdal kl. 18 junior, kl. 19 senior, kl. 20 dans

## November

Fredag 4.	Intimkonsert og fredagsdans	ØS	Spelemannstogo kl. 19.30
Fredag 4.–sundag 6.	Årsmøte i LfS	LfS/Vfl	Beitostolen
Sundag 6.	Sundagsdans	ØS	Spelemannstogo kl. 19
Tysdag 8.	Dans/kurs	VS/Vkv	Kvamshall kl. 20
Fredag 11.	Hardingfeleaving, songøving, danstreff	Vå	Frydenlund i Aurdal kl. 18 junior, kl. 19 senior, kl. 20 dans
Sundag 20.	Sundagsdans	ØS	Spelemannstogo kl. 19
Onsdag 23.	Dans/kurs	VS/Vkv	Kvamshall kl. 20
Fredag 25.	Hardingfeleaving, songøving, danstreff	Vå	Frydenlund i Aurdal kl. 18 junior, kl. 19 senior, kl. 20 dans
Laurdag 26.	Rakfiskfest	VS/Vkv	Kvamshall kl. 20

## Desember

Fredag 2.	Lindeman-konsert og fredagsdans	ØS	Beito gamle skule kl. 19.30
Sundag 4.	Sundagsdans	ØS	Spelemannstogo kl. 19
Tysdag 6.	Dans/kurs	VS/Vkv	Kvamshall kl. 20
Fredag 9.	Hardingfeleaving, songøving, danstreff	Vå	Frydenlund i Aurdal kl. 18 junior, kl. 19 senior, kl. 20 dans
Sundag 18.	Sundagsdans	ØS	Spelemannstogo kl. 19
Onsdag 21.	Dans/kurs	VS/Vkv	Kvamshall kl. 20
Fredag 30.	Sjettedagsfest	ØS	Spelemannstogo
Laurdag 31.	Nyttårsfest	ØS	Spelemannstogo

### **Springarkveldar**

Valdreskvelven og Vestre Slidre folkemusikk- og danselag har springarkveldar på Kvamshall i haust, sjå primstaven. I tilfelle spørsmål: Ring Kjell Ola Bakken, 913 71 993, eller Ola Hjelle, 61 34 34 57.

### **Langeleikspel på sjukeheimen**

Læraren i langeleikspel i Vestre Slidre, Oddrun Hegge, vil ta med seg elevane på Sjukeheimen to gonger i månaden for å kombinere undervisning med underhaldning for dei som er busette der.

### **Hallingkurs**

Vestre Slidre folkemusikk- og danselag har hallingkurs på Røn skule torsdagskveldar utover hausten. Det er òg plass til deltakarar frå andre kommunar. Fyrste øving torsdag 13. oktober kl. 18–19 for nybyrjarar, kl. 19–20 for vidarekomne. Kontaktperson: Bjørn Strand, tlf. 61 36 37 00.

### **Springarkurs**

Vårflaumen spel- og dansarlag arrangerer springarkurs for nybegynnarar i haust, men dato og lokale er ikkje fastlagde enno. Sjå etter annonse i avisa, eller kontakt Hallgeir Rogstad, tlf. 996 07 878.

### **Feleøvingar og songkveldar**

Vårflaumen spel- og dansarlag har feleøvingar for ferske utøvarar og meir drivne på Frydenlund i Aurdal, og nokre av kveldane blir det songøving parallelt. Deretter blir det dans, sjå primstaven. Kontaktperson for spel: Gunnar Kværne Amundsen, tlf. 971 85 725. Kontaktperson for song: Elisabeth Kværne, tlf. 61 36 51 90 / 900 45 834.

### **Mehanken**

Øystre Slidre spel- og dansarlag har samling for dei minste kvar laurdag på Volbu skule kl. 11.00. Oppstartingsdato blir fastsett seinare.


### **Låt og leven**

Øystre Slidre spel- og dansarlag vidarefører dette prosjektet for ungar og ungdom utover hausten. Datoane vil bli fastsett seinare, men det blir truleg på vekedagar. Sjå annonse.

### **Springarkurs**

Øystre Slidre spel- og dansarlag arrangerer kurs i springar for vidarekomne. Det startar 25.09.05 kl. 19.00 i Spelemannstogo, Herangtunet.





# Mjølkerampa

## VALDRES FOLKEMUSIKKGRUPPE – FARE FOR NEDLEGGING!

Nok ein gong trugar gjevande myndigheiter med pengeutt til Valdres Folkemusikkgruppe. Denne gongen er det Rikskonsertane som har bestemt seg for å trekke skulekonsert-tilskotet til Oppland fylkeskommune. Det er denne støtta fylkeskommunen gjev til Valdres Folkemusikkgruppe. Og fleire med oss blir råka av kuttet, mellom anna treblåsekvintetten på Lillehammer. Fleire kvalitets-tilbod forsvinn om ikkje Rikskonsertane får høyre at dette vedtaket er uheldig. Valdres Folkemusikkgruppe møter på representantskapsmøtet i Rff no i oktober, i håp om at dei kan hjelpe oss i saka. Om ikkje, vil den 16 år gamle ordninga opphøyre etter nyttår.

*Valdres Folkemusikkgruppe*

## ME VIL HA DANSETILBOD

Nå er sommarsesongen over og me har kosa oss skikkeleg med kappleik og dansing. Høgdepunkta var mange, mellom anna Strunkeveko, Jørn-Hilme-stemnet og landskappleiken på Røros. No har skula begynt att, og me har framleis lyst til å danse! Kva skjer? Ingenting. Kan me ikkje gå saman ein gjeng og prøve å få i gang att dansing for oss i 13–14-årsalderen? Samhaldet og stemninga var kjempebra under Strunkeveko, og mange av oss kunne tenke seg at dette held fram. Om nokon er interessert kan de vel ringe Ingrid eller meg. Kanskje me får til noko i lag?

*Magnhild Karsrud (61 36 25 56) og Ingrid Lingaas Fossum*

---

## LANDSKAPPLEIKEN 2006 PÅ BEITOSTØLEN



Desse sit i hovudnemnda:

Ola N. Døvre, leiar

Nils Rogn, nestleiar

Anne Marie Aastad Bråten, leiar  
stemnekontor/sekretær

Håkon Berge, økonomisjef

Anne Karen Strand Moen, PR-sjef

Marit Mattisgård, tevlingssjef

Magny Smedsrud Karlberg,  
konsertsjef

Line Holar, matsjef

Ove Skaret, teknisk sjef



## ÅRSMØTE I LANDSLAGET FOR SPELEMENN

Landslaget for Spelemenn inviterer til årsmøte på Beitostølen fredag 4. november til søndag 6. november. Dagleg leiar i Valdres Folkemusikklag, Solveig Dalåsen Hårdnes, håpar alle taleføre valdrisar møter opp.

– Her er det berre å seie meininga si, seier Dalåsen, som likevel minner om at berre to av utsendingane frå kvart lokallag har stemmerett.

### VIL IKKJE TREKKE KOMMENTAREN

Avisa Valdres skreiv på leiarplass for nokre veker sidan at det til tider kan bli vel mykje fele og bunad i marknadsføringa av Valdres. Den elles så blodfattige avisa manar med andre ord til ei verbal krigføring med Låt o' Link og folkemusikkmiljøet.

– Redaktør Torbjørn Moen, kva meinte du med denne kommentaren?

– Det var i grunnen ein munter uttalelse. Det eg meinte, er at det treng ikkje berre vera dei tradisjonelle uttrykka som skal forbindast med Valdres, seier Moen.

– Men vil ikkje ein slik kommentar vera med på å stigmatisere eit heilt miljø?

– Nei, eg beklagar viss det har gjort det. Eg meiner ein må lesa dette med romslegheit. Eg er ein sterk tilhengar av lokale tradisjonar, seier redaktøren, som ikkje kvir seg for utfordrande linedance-rytmar på Ristetun.

– Men redaktør Moen, vil vi i framtida sjå og lese mindre om folkemusikk i avisa dykkar?

– Eg synest me skriv ganske bra om dette temaet som det er! Det er opp til miljøet å hevde seg også, seier Moen.

– Eit siste spørsmål: Vil du trekke kommentaren din om at det blir for mykje bunad og folkemusikk?

– Nei, dette var meint som ein spøk, avsluttar redaktør Moen i avisa Valdres.

### TRIAKEL PÅ FOLKEMUSIKKSCENA

Torsdag 27. oktober får me besøk av den svenske gruppa Triakel. Konserten finn stad på Fagerlund gjestehus kl. 20.00.

Triakel består av Emma Härdelin, song, Kjell-Erik Eriksson, fele og Janne Strömstedt, trørgel. Alle tre er vel etablerte i den svenske folkemusikkeliteen og er også medlemmer av Garmarna og Hoven Droven. Dei vart etablert i 1994 og har turnert i inn- og utland.

Gruppa spelar viser som har sitt opphav i Jämtland eller Hälsingland, som er medlemmenes heimtrakter. Dei har gjeve ut tre cd-ar, og den fjerde blir presentert under turneen i Noreg. Meir stoff på [www.triakel.com](http://www.triakel.com)

”Publiken höll på att älska ihjäl dem och det är lätt att förstå varför,” Johan Lif, Vestmanland LT. Arrangør: Valdres Folkemusikklag og Den norske folkemusikkscena



Triakel, foto: Lennart Jonasson

## JAKTA PÅ DEI KONGELEGE LANGELEIKANE, DEL II

I førre utgåve av Låt o' Link vart det stadfesta at dronning Sonja (69) i fleire år har gøymt unna gamleleiken til Jahas i Høll'n (161) på det kongelege ferieparadiset i hutaheiti i Sikkilsdalen. Dei gamle rykta om at Sonja syner stor vørndnad for folkelege kulturuttrykk, vart dermed grundig stadfesta. Sjølvje er me prisgjevne etterretteleg journalistikk i Se & Hør, som la fram bevismaterialet i påskenummeret i vinter.

Konservator ved Det Kongelege Slott, Eline Meier, vart overvelda over nyheita. Ho klaga over rot og manglande arkivering på slottet gjennom 150 år. Dette var grunnen til at dei ikkje hadde oversikt over dei dyrebare instrumenta. Ho bad om at den sjølvstendige forkinga i Valdres held fram, og gler seg til vidare samarbeid.

Ragna Brenno Frydenberg (99) og Ringve Museum kunne derimot avkrefte at det står att to langeleikar på den kongelege eigarlista. Ola Brenno tok i 1929 initiativet til at kong Haakon og dronning Maud skulle få kvar sin leik. Felemakar Olav K. Venås (128) frå Gransherad skulle lage dei.

– Men veit du kva, Sigrid Undset (123) sikra seg dronningleiken rett framom nasen på dronning Maud, seier Ragna, i eit intervju med Låt o' Link. Leiken kom seinare til Ringve Museum som ei gåve frå svigerdotter hennar, Christianne Undset Svarstad, seier ho.

Ragna anar ikkje kvar det vart av kongelegeiken.

Låt o' Link har i samarbeid med Oddrun Hegge (44), Elisabeth Kværne (52), og Mats Krouthen ved Ringve Museum kome i konstruktiv kontakt med dei som driv registreringsarbeidet ved Det Kongelege Slott, og håpar på meir detaljar til neste nummer.



## JØRN HILME-NEMNDA TAKKAR FOR INNSATSEN

God publikumsoppslutning, godt ver og høg kvalitet på kappleiken og framsyningane prega årets Jørn Hilme-stemne. Nok ein gong opplevde Jørn Hilme-stemnet ei rekordhøg publikumsoppslutning med om lag 6500 besøk på arrangementa. Det krev stor innsats å halde eit høgt nivå på arrangementet kvart år. At me nok ein gong klarar dette, kan me alle vera stolte av. Utan ein betydeleg dugnadsinnsats hadde det ikkje gått. Neste år er det både landskappleik og Jørn Hilme-stemne. Det blir ei utfordring, men det trur eg me skal klare.

*God haust, beste helsing Solveig*



*Tom Løvli i luftig svev over Skiferplassen, foto: Espen Tokerud*

## Landbruksforsikring

Vi kan ordne alle forsikringar for gardbrukarar,

- Bolighus
- Driftsbygningar
- Løsøre
- Husdyr
- Traktorar
- Ulykke

Ta kontakt med din lokale sparebank eller Torbjørn Langødegård ved vårt felles salgskontor på Fagernes



## Private forsikringar

Vi kan ordne alle forsikringar for privatkunder

- Bolighus
- Biler
- Fritidseiendomar
- Motorsykkel / moped
- Reiserforsikring
- Verdigjenstandar

Ta kontakt med din lokale sparebank. Hvis du ikkje er kunde i ein av sparebankane så ta kontakt med vårt felles salgskontor på Fagernes



## Livsforsikring

Vi kan dekke alle dine behov for forsikring av liv og helse

- Død
- Uførekapital
- Uførepensjon
- Operasjonsforsikring
- Kritisk sjukdom
- Barneforsikring

Ta kontakt med din lokale sparebank. Hvis du ikkje er kunde i ein av sparebankane så ta kontakt med vårt felles salgskontor på Fagernes



Etnedal Sparebank

Vang Sparebank

Vestre Slidre Sparebank

Øystre Slidre Sparebank

Salgskontor Fagernes

– tlf. 61121500 – [www.etnedalsparebank.no](http://www.etnedalsparebank.no)


– tlf. 61367600 – [www.vang-spb.no](http://www.vang-spb.no)

– tlf. 61343600 – [www.slidrebanken.no](http://www.slidrebanken.no)

– tlf. 61340950 – [www.osbank.no](http://www.osbank.no)

– tlf. 61366638 – [www.sparebankgruppa.no](http://www.sparebankgruppa.no)

# B



## Nyttige navn og nummer

Lag	Leiar/kontaktperson	Telefon	Mobiltelefon	E-post
Begjåttom spel- og dansarlag	Stein Ivar Øvergård	61 34 70 05 (p)	913 66 177	
Emedal spel- og dansarlag				
Valdreskvelven spel- og dansarlag	Kari Hagaseth	61 36 82 27 (p)	988 57 553	
Valdreslaget i Oslo	Elisabeth Bring	22 13 79 64 (p)		elisabeth.bring@c2i.net
Vestre Slidre spel- og danselag	Astrid Olga Bråten	61 34 33 14 (p)	900 64 316	astrid.braten@sensewave.com
Vårfaunnen spel- og dansarlag	Hallgeir Rogstad / Gunnar Kværne Annundsen		996 07 878 / 971 85 725	lauskar@hotmail.com
Øystre Slidre spel- og dansarlag	Jorunn Nordli	61 34 22 66 (p)	418 02 584	jorunn.nordli@posten.no
Valdres Folkemusikklag	Oddrun Hegge	61 36 56 52 (p)	971 76 868	audubr@online.no
Jørn Himne-stemmet	Ola N. Døvre	61 36 36 72 (p)	911 23 185	ola.dovre@tiscali.no
Strunkeveko	Aud Søyland	61 36 25 56 (p)	990 37 584	aud.soyland@bbonet.no
Landskapleiken 2006	Ola N. Døvre	61 36 36 72 (p)	911 23 185	ola.dovre@tiscali.no
Valfag i tradisjonsdans	Tone Voldhaug		992 33 979	tvoldhaug@hotmail.com
V/II og Jørn Himne-stemmet, dagleg leiar	Solveig Hårdnes	61 36 46 71 (a)		vfi@sensewave.com
Strunkeveko, dagleg leiar	Stian Roland	61 36 46 71 (a)	994 48 486	leiar@strunkeveko.com
Valdres folkemusikkarkiv	Elisabeth Kværne	61 35 99 32 (a)	900 45 834	elisabeth.kvaerne@valdres.museum.no
Landslaget for Spellemenn	Randi Skeie Ljones	61 26 10 42 (p)	995 22 538	
LfS, dagleg leiar	Magnar Sundt	22 42 45 30 (a)	950 85 647	lfS@folkemusikk.no

RETURADRESSE:

VALDRES FOLKEMUSIKKLAG, TYINVEGEN 27, 2900 FAGERNES